



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 13.04.2010
Møtetid: 15.00 - 20.15
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Berit Khadoor Befring Inge Aasgaard Kristian Jørgensen	Heidi A. Gjerde Sven Tore Kulleseid

Andre som var til stades på møtet:
Ped.konsulent K.Steinsland sakene 01-08/10 Kulturkonsulent J.Tysseland sakene 09-10/10 Ass.rådmann H-L. Våge heile møtet Ordførar Aase under sak 02-06/10

Merknader:
Odd Lønnebakken var ugild i sak 10/10.

Orienteringar/meldingar:	Ass.rådmann orienterte om ny ballbinge på Gjerde, klar til neste skuleår.
Spørsmål/interpellasjonar:	Ingen
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22.04.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
002/10	10/209	Faste saker	
003/10	09/91	Fredskorpssamarbeidet.	
004/10	09/18	Kompetanseutvikling grunnskulen 2009-12 - strategiplan	
005/10	10/127	Leksehjelp	
006/10	10/188	Fag- og timefordeling 2010 barnetrinnet	
007/10	09/692	Ny skulestruktur 2010 - oppretting av styringsgruppe	
008/10	10/199	Strategi for skulane i Samnanger 2010-2013	
009/10	10/9	Kulturmidlar 2010	
010/10	10/178	Kulturstipend 2010	Ja
011/10	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen - organisering av planarbeidet	

SAKNR. 002/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalets kvarter: ikkje meldt noko.

OO-002/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

SAKNR. 003/10
FREDSKORPSSAMARBEIDET.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg:” Punkt 1 og 3 i konklusjonen vert framlegg til vedtak.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OO-003/10 VEDTAK:

- Styringsgruppa for internasjonalt engasjement vurderer kommunen sine pågåande prosjekt/engasjement og initierer ev nye prosjekt. Jf sak i OO 0005/06.
- Samnanger kommune tek eitt års pause frå prosjekt med utveksling som inneber kontakt med Fredskorpset.

SAKNR. 004/10
KOMPETANSEUTVIKLING GRUNNSKULEN 2009-12 - STRATEGIPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strategiplan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale 2009 – 2012 i Samnanger, vedteken 31.03.2009, vert vidareført skuleåret 2010 - 2011.

Strategiplanen skal vidare rullerast samtidig med NY strategiplan for skulane.

Handlingsplan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2010:

Følgjande prioritering av vidareutdanning er lagt til grunn for tiltak i 2010:

VIDAREUTDANNING VERT PRIORITERT FØR ETTERUTDANNING.

VIDAREUTDANNING I 2010 :	Skule / Bhg	U/H	Stp
Matematikk (haust 2010-vår 2011)	SUS	UiB	30
Engelsk (vår 2010)	SUS	NTNU	60
Naturfag (vår 2010)	SUS	UiB	15
Tilpassa opplæring og spes.ped. (vår 2010)	Nordbygda s., Dråpeslottet bhg., Aadland gard-og friluftsbhg, Nordbygda bhg.	HSH	30

ETTERUTDANNING I 2010:
Vurdering for læring
Leseopplæring
Karriererettleiing
Klasseleiing

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-004/10 VEDTAK:

Strategiplan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale 2009 – 2012 i Samnanger, vedteken 31.03.2009, vert vidareført skuleåret 2010 - 2011.

Strategiplanen skal vidare rullerast samtidig med NY strategiplan for skulane.

Handlingsplan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2010:

Følgjande prioritering av vidareutdanning er lagt til grunn for tiltak i 2010:

VIDAREUTDANNING VERT PRIORITERT FØR ETTERUTDANNING.

VIDAREUTDANNING I 2010 :	Skule / Bhg	U/H	Stp
Matematikk (haust 2010-vår 2011)	SUS	UiB	30
Engelsk (vår 2010)	SUS	NTNU	60
Naturfag (vår 2010)	SUS	UiB	15
Tilpassa opplæring og spes.ped. (vår 2010)	Nordbygda s., Dråpeslottet bhg., Aadland gard-og friluftsbhg, Nordbygda bhg.	HSH	30

ETTERUTDANNING I 2010:
Vurdering for læring
Leseopplæring
Karriererettleiing
Klasseleiing

SAKNR. 005/10
LEKSEHJELP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Leksehjelp for 1.-4.trinn vert innført i Samnanger frå august 2010.

1. og 2.trinn får tilbod om frivillig og gratis leksehjelp ein og ein halv time pr veke, og 3. og 4.trinn får tilbod om to og ein halv time pr.veke. Tilbodet vert organisert før skulebussane går. Elevar med rett til skyss, og som ikkje ønskjer leksehjelp, vil få tilsyn fram til skulebussen går.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet endra 2. Setning i framlegget med følgjande:” 1. og 4.trinn får tilbod om frivillig og gratis leksehjelp to timer pr.veke. Framlegget vart samrøystes vedteke. Det vart røysta over framlegget med vedteke endringar, som vart samrøystes vedteke.

OO-005/10 VEDTAK:

Leksehjelp for 1.-4.trinn vert innført i Samnanger frå august 2010.

1. og 4.trinn får tilbod om frivillig og gratis leksehjelp to timar pr.veke. Tilbodet vert organisert før skulebussane går. Elevar med rett til skyss, og som ikkje ønskjer leksehjelp, vil få tilsyn fram til skulebussen går.

SAKNR. 006/10

FAG- OG TIMEFORDELING 2010 BARNETRINNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fag – og timefordeling gjeldande frå august 2010 for barnetrinnet i Samnanger vert vedteken som vedlagt. Ny årstime frå august 2010 vert lagt til 5.trinn til styrking av matematikk- og naturfagopplæringa, ved bruk av uteskulemetodikk og temaet *Vatn – kreative krefter*. Alle elevane på barnetrinnet går 5 vekedagar på skulen, også 1.-4.trinn., dvs 4 heile skuledagar og ein vekedag til klokka halv eitt.

Leksehjelp vil verta tilbode før skuleskyssen går, og organiserast på slutten av skuledagen 2 dagar i veka for kvart av 1.-4.trinna. Dei som ikkje skal delta i ordninga med leksehjelp får tilsyn til skulebussen går dersom dei er avhengig av skuleskyss.

SFO-tilbodet vert om onsdagane om morgonen og frå kl 12.30-16.30.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-006/10 VEDTAK:

Fag – og timefordeling gjeldande frå august 2010 for barnetrinnet i Samnanger vert vedteken som vedlagt. Ny årstime frå august 2010 vert lagt til 5.trinn til styrking av matematikk- og naturfagopplæringa, ved bruk av uteskulemetodikk og temaet *Vatn – kreative krefter*. Alle elevane på barnetrinnet går 5 vekedagar på skulen, også 1.-4.trinn., dvs 4 heile skuledagar og ein vekedag til klokka halv eitt.

Leksehjelp vil verta tilbode før skuleskyssen går, og organiserast på slutten av skuledagen 2 dagar i veka for kvart av 1.-4.trinna. Dei som ikkje skal delta i ordninga med leksehjelp får tilsyn til skulebussen går dersom dei er avhengig av skuleskyss.

SFO-tilbudet vert om onsdagane om morgonen og frå kl 12.30-16.30.

SAKNR. 007/10

NY SKULESTRUKTUR 2010 - OPPRETNING AV STYRINGSGRUPPE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak 28.01.10:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område. Mandatet til prosjektgruppa er vedtak i sak 57/09: Framtidig skulestruktur i Samnanger, langsiktig og kortsiktig løysing.

PØ opprettar ei gruppe som for ansvar for namn på barneskulen.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen sette fram slikt framlegg til vedtak.

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg til vedtak og Røen sitt framlegg. 3 røysta for framlegget frå Røen og vert vedteke. 2 røysta for framlegget frå rådmannen.

PØ-003/10 VEDTAK:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

18.02.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-003/10 VEDTAK:

Saka vart trekt.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes felles framlegg:” OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet.

Den nye barneskulen opprettheldt namnet: Gjerde skule.”

OO-007/10 VEDTAK:

OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet. Den nye barneskulen opprettheldt namnet: Gjerde skule.

SAKNR. 008/10

STRATEGI FOR SKULANE I SAMNANGER 2010-2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strategiplan for skulane i Samnanger kommune vert vedteken slik dei ligg føre i vedlegg datert 06.04.10

Vedtaka i arkivsak 127/10 og 188/10 - vedk. leksehjelp, fag og timefordeling, organisering av skuledagen og ny årstime vert innarbeidd i strategiplanen.

På Samnanger ungdomsskule får elevane tilbod om 2. Framandspråk i engelsk fordjuping og spansk. Dette er førande for den framtidige timetildelinga for framandspråka.

Samnanger kommune tilrår at det bør vera om lag 15 elevar pr. kontaktlærer når det er hensiktsmessig. Skuleeigar har høve til å gjera ei totalvurdering for kva som er beste løysing for skulen når det er nødvendig.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-008/10 VEDTAK:

Strategiplan for skulane i Samnanger kommune vert vedteken slik dei ligg føre i vedlegg datert 06.04.10

Vedtaka i arkivsak 127/10 og 188/10 - vedk. leksehjelp, fag og timefordeling, organisering av skuledagen og ny årstime vert innarbeidd i strategiplanen.

På Samnanger ungdomsskule får elevane tilbod om 2. Framandspråk i engelsk fordjuping og spansk. Dette er førande for den framtidige timetildelinga for framandspråka.

Samnanger kommune tilrår at det bør vera om lag 15 elevar pr. kontaktlærer når det er hensiktsmessig. Skuleeigar har høve til å gjera ei totalvurdering for kva som er beste løysing for skulen når det er nødvendig.

SAKNR. 009/10

KULTURMIDLAR 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje tilrådd vedtak i desse sakene.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta innkomne søknader og gjorde samrøystes vedtak som det går fram nedanfor.

OO-009/10 VEDTAK:

KULTURMIDLANE 2010	
---------------------------	--

1.1500.3770.4701: Tilskot til kunstformidling kr 40.000	
Søkjær	Tildelt kr.
Samnanger skulemusikklag	15 000
Tysse/Nordbygda musikklag	15 000
Samnanger barnekor	5 000
Samnanger kunstlag	5 000
Sum	40 000
1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid, kr 85.000	
Samnanger idrettslag	65 000
Tysse skyttarlag	10 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	10 000
Sum	85 000
1.1500.2310.4701: Tilsk. Barne- og ungdomsarbeid, kr 111.000	
Nordbygda ul.	35 000
Nordbygda ul. Arbeidsstove	4 000
Ungdomsklubben Petit	0
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Ungdomsarbeid, Samn. Kyrkjelyd	10 000
Barnas festspilldag	4 000
Ungdommens kulturstipend	10 000
Tiltak NPU-samarbeid	10 000
Til administrativ fordeling*	36 000
Sum	111 000
1.1500.3851.4701: Tilsk. Forsamlingshus, kr 35 000	
Nordbygda ul.	5 000
I/S Vonheim	10 000
Tveit ul.	5 000
Sandvik grendalag	5 000
Frøylandsdal grendalag	5 000
Kulturhistorisk senter	5 000
Sum	35 000
1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål, kr 29.000	
Samnanger Røde Kors	5 000
SRK Besøkstenesta	7 000
Samnanger historielag	2 000
Samnanger Pensjonistlag	3 500
Vonheim Revy og Teaterlag	5 000
Fagforbundet pensjonistgruppe	3 500
Samnanger kameraklubb	3 000
Vestlandskappleiken 2010	0
Filmprosjekt kraftutbygginga**	0
Sum	29 000

**Kan takast frå post 1.1500: Kulturvern

*evt. Ny søknad frå Petit

SAKNR. 010/10 KULTURSTIPEND 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sitt kulturstipend for 2010 vert tildelt Thea H. Haugen. Ho får stipendet for å utvikla seg vidare i karrieren som klarinettist.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Odd Lønnebakken bad om å få vere utgild i saka. Han vart samrøystes funnen ugild. Han gjekk han ifrå. Utvalet var då 5 medlemmer og er vedtaksfør.

Eva Hellevang sette fram nytt framlegg til vedtak: ” Samnanger kommune sitt kulturstipend for 2010 vert tildelt Robin Tveitarås. Han får stipend til studio-utstyr.”


Framlegget vart vedteke mot 1 røyst.

OO-010/10 VEDTAK:

Samnanger kommune sitt kulturstipend for 2010 vert tildelt Robin Tveitarås. Han får stipend til studio-utstyr..

SAKNR. 011/10

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - ORGANISERING AV PLANARBEIDET



Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planarbeidet knytt til utbygging ved Samnangerheimen vert organisert som fylgjer:

I prosjektgruppa vil fylgjande delta:

Politisk representant: Kristian Jørgensen

Representant for brukarane: Tomas J Ådland

Prosjektleiar: John Inge Sandvik

Einingsleiar for pleie og omsorg Grete Lill Hjartnes

Avd. leiar i pleie og omsorg: Susanne

Ulvenes

Verneombod ved Samnangerheimen.

Prosjektgruppa vel sjølv leiar. Prosjektgruppa rapporterer jamnleg til styringsgruppa.


Det vert sett ned ulike arbeidsgrupper etter behov. Ansvar for nedsetting og oppfølging av arbeidsgruppene vert lagt til einingsleiar for PLO. Eldrerådet sin representant vert med i arbeidsgruppene.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-011/10 VEDTAK:

Planarbeidet knytt til utbygging ved Samnangerheimen vert organisert som fylgjer:



Ulvenes
Verneombod ved Samnangerheimen.

I prosjektgruppa vil fylgjande delta:
Politisk representant: Kristian
Jørgensen
Representant for brukarane: Tomas J
Ådland
Prosjektleiar: John Inge Sandvik
Einingsleiar for pleie og omsorg Grete
Lill Hjartnes
Avd. leiar i pleie og omsorg: Susanne

Prosjektgruppa vel sjølv leiar. Prosjektgruppa rapporterer jamnleg til styringsgruppa.

Det vert sett ned ulike arbeidsgrupper etter behov. Ansvar for nedsetting og oppfølging av arbeidsgruppene vert lagt til einingsleiar for PLO. Eldrerådet sin representant vert med i arbeidsgruppene.

